

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		16.09.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse		16.09.2020
Hovudutval for næring		16.09.2020
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.09.2020
Fylkesutvalet		29.09.2020
Fylkestinget		29.09.2020

Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek *Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024*.
2. Vestland fylkeskommune sitt internasjonale engasjement skal vere integrert i regionale planar, temaplanar og strategiar.
3. Fylkesrådmannen får i oppdrag å utarbeide ei politisk sak om bruk av samarbeidsregionar.
4. Alle sektorar skal prioritere sine internasjonale aktivitetar i samsvar med strategi for internasjonalt samarbeid.

Samandrag

Ved etableringa av Vestland fylkeskommune 1. januar 2020 vart internasjonale prosjekt, tiltak og avtalar som dei to tidlegare fylka stod i, overført til den nye fylkeskommunen. Den overordna strategien skal gi ei samla tilnærming til internasjonalt samarbeid – både politisk og administrativt – ved å:

- 1) Klargjere målsetting og strategisk retning for Vestland fylkeskommune sitt internasjonale samarbeid.
- 2) Prioritere, spisse og forankre innsatsen knytt til internasjonalt samarbeid innfor rammene i utviklingsplanen, økonomiplanen og dei årlege budsjetta.
- 3) Gi oversikt over internasjonale prosjekt, tiltak og avtalar som Vestland fylkeskommune er med i etter regionreforma 1.januar 2020.

Vestland fylkeskommune sitt internasjonale engasjement vil bli ein integrert del av arbeidet med regionale planar, temaplanar og strategiar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Paal Fosdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ved etableringa av Vestland fylkeskommune 1. januar 2020 vart prosjekt, tiltak og avtalar som dei to tidlegare fylka stod i, overført til den nye fylkeskommunen. Fylkesrådmannen ser eit behov for å:

- 1) Klargjere målsetting og strategisk retning for Vestland fylkeskommune sitt internasjonale samarbeid.
- 2) Prioritere, spisse og forankre innsatsen knytt til internasjonalt samarbeid innfor rammene i utviklingsplanen, økonomiplanen og dei årlege budsjetta.
- 3) Gi oversikt over internasjonale prosjekt, tiltak og avtalar som Vestland fylkeskommune er med i etter regionreforma 1.januar 2020.

Strategi for internasjonalt arbeid er forankra i:

- Samfunnsoppdrag, visjon og verdier for Vestland fylkeskommune
- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Pr. i dag er hovudtyngda av internasjonalt arbeid knytt til følgjande sektorar:

- Innovasjon og næringsutvikling
- Opplæring og kompetanse
- Kultur, idrett og inkludering

Arbeidsgruppa er sett saman av representantar for desse tre sektorane. Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering har koordinert arbeidet med strategien. Representantar frå andre sektorar en desse har medverka.

Nedanfor er ei kort framstilling av status for internasjonalt arbeid innanfor dei tre nemnde sektorane ved overgang til den nye fylkeskommunen.

Internasjonalt arbeid i opplæring.

Opplæringsavdelingane i dei to tidlegare fylka har hatt ansvar for internasjonalt arbeid i sektoren. Tidlegare Hordaland fylkeskommune har hatt eit høgare internasjonalt aktivitetsnivå enn tidlegare Sogn og Fjordane, men vidaregåande skular i begge fylka har gjennomført internasjonale aktivitetar som Erasmus+ partnerskap og Erasmus VET Mobilitet.

I 2018 gjennomførte 97% av dei vidaregåande skulane i Hordaland internasjonale aktivitetar, og ein finn internasjonale aktivitetar på alle utdanningsprogram. Det vart etablert mange tilbod i utlandet i regi av Hordaland fylkeskommune for elevane. Ordningane omfattar både studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. I Sogn og Fjordane var i tillegg ungdomspolitikken løfta fram som ein viktig arena for internasjonalt samarbeid.

Aktivitetane i begge dei tidlegare fylka er i samsvar med det overordna internasjonale arbeidet som legg vekt på at ungdom skal få internasjonal kompetanse, erfaring, kulturforståing og medansvar. Det er også i samsvar med nasjonale føringar som seier at kunnskap om internasjonale forhold, politikk, språk og kultur er eit mål i seg sjølv, som ein del av allmenndanninga, samtidig som internasjonalisering skal bidra til å auke kvaliteten i utdanninga. På alle trinn i utdanninga er det viktig å gi elevane interkulturell kompetanse slik at dei kan fungere i eit kulturelt mangfald og i internasjonal samhandling. (St. melding 14 2008-2009).

Avdeling for opplæring og kompetanse vil i sitt arbeid med mål- og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune gi ei meir fyldig utgreiing om det internasjonale engasjementet i sektoren samt prioriteringane og arbeidsmåttane i sitt internasjonalt samarbeid.

Internasjonalt arbeid innanfor innovasjon og næringsutvikling

Vestland fylke står ovanfor store utfordringar når det gjeld samfunns- og næringsutvikling. Mange av desse har vi til felles med europeiske regionar. Gjennom internasjonalt samarbeid kan vi hente impulsar, kunnskap og finne nye løysingar. Store delar av næringslivet i Vestland er eksportretta og sårbare for internasjonale konjunkturar. Gjennom internasjonalt samarbeid kan bedriftene få hjelp til å posisjonere seg og finne sin plass i globale verdikjeder. Bedriftene kan òg trekkjast med i

internasjonale samarbeidsprosjekt med tanke på å utvikle nye produkt og tenester som kan løyse dei store samfunnsutfordringane, t.d. innan grøn skipsfart, elektrifisering, velferdsteknologi, etc. Her må regionane ta ei aktiv rolle.

EØS-avtalen er hovudfundamentet i Norges samarbeid med EU. Den sikrar fri bevegelse for personar, varer, tenester og kapital, og gir norske verksemdar tilgang til ein marknad med 500 millionar menneske. Gjennom EØS-avtalen har norske regionar tilgang til nettverk, organisasjonar og mange av EU-programma. Vestland fylkeskommune står i fleire samarbeid og avtaler på dette området og deltar i ei rekkje internasjonale samarbeidsprosjekt som skal bidra til innovasjon og næringsutvikling. Her ligg det òg eit stort uutnytta potensiale for finansiering av viktige utviklingsoppgåver i Vestland i tett samarbeid med forskings- og utviklingsaktørar i andre regionar. Vi treng difor ein klar strategi for korleis regionen skal nytte dei samarbeidsmoglegheitene som EØS-avtalen opnar for.

Vestland fylkeskommune har òg ei politisk rolle gjennom verv i internasjonale nettverk og organisasjonar, som gjev ein direkte kanal for påverknad inn i EU-systemet. Eit tett samarbeid med europeiske partnerar og aktiv deltaking i nettverk og prosjekt gjer det mogleg å påverke viktige rammevilkår for regionen. Sidan Norge ikkje er medlem i EU er det desto viktigare at norske regionar er tydeleg til stades i fora og diskusjonar om europapolitiske spørsmål.

Internasjonalt arbeid på kunst- og kulturfeltet

Store delar av det profesjonelle kunst- og kulturlivet i Vestland har eit internasjonalt verkeområde og nettverk. Det gjeld det profesjonelle kunstlivet på institusjonsnivå og ikkje minst det frie feltet med grupper og enkeltkunstnarar. Fylkeskommunen kan støtte opp under dette arbeidet gjennom ulike tilskotsordningar, kompetanse og koordinering. Gjestekunstnaropphald er også ein viktig del av fylkeskommunen sitt internasjonale arbeid.

Hordaland fylkeskommune hadde fleire samarbeidsregionar, med litt ulik struktur og karakter. På kulturfeltet har samarbeidsaktiviteten variert i ulike periodar, og det har dei siste åra vore samarbeid på med Basse-Normandie/Normandie, Edinburgh og Orknøyane. Det har også vore kontakt og noko samarbeidsaktivitet med Irland, initiert av Norske Ambassade i Irland. Innanfor idrett har det vore nær kontakt med til dømes Danmark for erfaringsutveksling og fagleg utvikling, særleg når det gjeld utvikling av anlegg for fysisk aktivitet og møteplassar.

Hordaland fylkeskommune har nytta EU sine program for kultur og kompetanse direkte og vore ein vidareformidlar av informasjon og koordinator. Tidlegare var fylkeskommunen aktiv med sjølvinitierte prosjekt innan tunge, EU-finansierte program. Dette var svært arbeidskrevjande, og policyen dei siste åra har vore å leggje til rette for at aktørane ute i kulturlivet kan delta direkte.

Vestland fylkeskommune si rolle i internasjonalt samarbeid.

Med internasjonalt samarbeid meiner vi samarbeid på tvers av landegrenser for å skape meirverdi og kompetanse som fremmer vår regionale utvikling – eit samarbeid som bidreg positivt, reflektert og aktivt i eit fleirkulturelt norsk samfunn og i eit internasjonalt verdssamfunn.

Strategi for internasjonalt samarbeid skal bidra til at Vestland er i stand til å møte internasjonale utfordringar og moglegheiter på ein måte som bidreg til ønska utvikling i regionen. Vårt internasjonale samarbeid skal forsterke arbeidet med fylkeskommunens samfunnsoppdrag basert på våre visjonar og verdier, og er eit viktig verkemiddel til å nå utviklingsmåla for regionen.

Strategien skal bidra til å gje oss langsiktig og heilskapleg retning for internasjonalt samarbeid, og gje grunnlag for å prioritere tiltak. Den er knytt opp mot måla i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 og rettar seg mot FN sine berekraftsmål. Operasjonalisering av strategien er eit ansvar for den enkelte sektor gjennom planverk og arbeidsprosessar. Alle sektorar skal gjere ei heilskapleg vurdering av bruk av internasjonalt samarbeid og prioritere sine internasjonale aktivitetar i samsvar med strategi for internasjonalt samarbeid. Vurderinga skal ha eit kost/ nytte perspektiv. Samstundes skal samarbeidet bidra til å auka samhøyrighet, demokrati og likeverd regionalt og globalt.

I vurderinga skal ein leggje vekt på om samarbeidsaktivitetane bidreg til å:

- *Utvikle kunnskap og kompetanse for ønska regional utvikling nedfelt i utviklingsplanen for Vestland*
- *Auke nyskaping og kvalitet i fylkeskommunen sine arbeidsområde og tenester*
- *Utløyse ekstern finansiering av utviklingsaktivitetar i Vestland*
- *Gi moglegheiter for å påverke viktige rammevilkår for Vestland*

Den einskilde sektor skal vurdere behovet for samordning på tvers. Det vert utarbeidd ei sjekkliste for utvikling av prosjektsøknader.

Vedlegg 1 gjer oversikt over dei viktigaste og mest sentrale områda for internasjonalt samarbeid, som er ført vidare frå Hordaland og Sogn og Fjordane til Vestland fylkeskommune etter regionreforma 1.januar 2020.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har avgjerdsmynde med heimel i delegasjonsreglementet for Vestland fylkeskommune.

For å sikre einsarta sektorinvolvering i handsaming av strategien, blir saka lagt fram for hovudutvala til uttale innanfor deira ansvarsområde. Fylkesutvalet innstiller overfor fylkestinget.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Gjennomføringa av Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024 skal ta utgangspunkt i økonomiplanen og årlege budsjett i Vestland fylkeskommune

Klima: Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024 bidreg til å nå klimamåla i utviklingsplan for Vestland 2020- 2024

Folkehelse: Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024 bidreg til å nå måla for folkehelsearbeid i utviklingsplan for Vestland 2020- 2024

Regional planstrategi: Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024 skal bidreg til å nå mål og sette i verk strategiar i utviklingsplan for Vestland 2020- 2024

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024 vert vedtatt.